

Sandneshagen søre

Av Knut Raastad, 2017



Søre Sandneshagen ligg i Nordherad ovanfor sygard Sandnes. I daglegtale blir dette kalla Sy-Hågå.

Skoskatten 1711 nemner under sygard Sandnes to husmenn, Bjørn Husmand og Siver husmand, men om det er her er usikkert.

I 1778 er nemnd Simen Sandneshagen ved utpanting av tiende til kyrkja.

I 1779 er husmann under Sandnes Hans Bondesen. Hans Bondesen 1750-1830 var son til Bonde Hansen og Ragnhild Endresen. Hans Bondesen vart 1775 gift med Anne Justsdotter oppigard Berge 1747-1811. I 1801 er dei i søre Sandneshagen som husmann med jord. Dei hadde barna

Bonde Hansen 1775-1775

Hans Hansen f. 1776, tåbelig i 1801

Anne Hansdtr. 1779-1839, gift 1813 med Ole Kristensen Joten 1787-1825

Bonde Hansen 1782-1787

Ragnhild Hansdtr. f. 1786, gift med Jon Knutsen Turtumøygarden

Trond Hansen f. 1790

I 1816 vart Hans Bondesen oppattgift med Kari Knutsdtr. søndre Valdeie 1780-1838, dei fekk dottera

Anne f. 1817, hadde med Thor Thorsen Kleppe 1802-1976 barna

Hans Thorsen Sandneseie 1839-1893, gift 1865 med Ymbjørg Hansdtr.

Einarsvollstuen 1829-1916

John Thorsen Sandneseie f. 1846, gift med Rønnaug Rasmusdtr. Klonesbakken

f. 1846, død før 1879, Jon flytte til øvre Stordalen prestegjeld i 1879

Det ser ut til at familien budde i Sandneshagen da det var skifte etter Hans Bondesen i 1830.

Ein Jacob Paulsen Sandnæshaven f.ca.1802 vart 1826 gift med Kari Jacobsdotter Sandnæshaven f.ca.1804. Om dette er i søre eller nørdrø Sandneshagen er usikkert. Jacom og Kari hadde 2 barn:

Marit f.1826

Hans f.1829, g.m. Eli Andersdtr. Snerleeie f.ca.1819. I Ulsbustugu. Utflytt Kværnes 1872.

Ein John Olsen Sandneshagen 1797-1875 vart 1826 gift med Anne Olsdtr. Visdal 1801-1874, dotter til Ole Johansen Visdal og Rønnaug Jønsdtr. Nyrnes. John og Anne hadde 5 barn:

Guri Johnsdtr. 1826-1877, g.m. Ole Iversen 1815-1894. Søre Einstulen.

Ole Johnsen 1829-1894, gift med Kari Hansdtr. nørdrø Sandneshagen, husmann der

Ole Johnsen f. 1831, neste brukar

Rønnaug Johnsdtr. f. 1835

John Johnsen 1844-1937, gift 1870 med Kari Erlandsdtr. Steinen 1846-1909

I 1865 var brukaren den ugifte Ole Johnsen f. 1831, føderådsfolket var faren John Olsen og kjerringa hans Anne Olsdr. I 1871 vart enkjemann (han må såleis ha vore gift ei tid mellom 1865 og 1871) Ole Johnsen gift med Gunhild Olsdr. Jøndalen f. 1847 frå Dovre, dotter til Ole Johnsen Jøndalen f. 1820. Familien var i Sandneshagen i 1883. Ole og Gunhild hadde 4 barn:

Anne Olsdr. f. 1872

Ole Olsen f. 1875

Rønnaug Olsdr. f. 1878

Mari Olsdr. f. 1882

John Olsen Enstulen 1849-1933 var son til Ole Iversen søre Einstulen 1815-1894 og Guri Johnsdtr. Sandneshagen 1826-1877, dvs. at han overtok etter onkelen sin. John Olsen er ved barnefødsel i 1904 nemnd i Skræphullet/Sagrusten, men familien var i Einstulen i 1885 og ei tid i Sandnesulen. I 1888 til 1895 er dei nemnde i Sandneshagen. John vart i 1877 gift med Mari Hansdotter Høiberg 1857-1939 frå Sel eller Gausdal. Jo og Mari var att einslege i Sagrusten til sist i 1920-åra og etter dette på megarde Storkvik. Barna var

Guri f. 1878, død før 1933

Iver f. 1885

Anne f. 1888, død før 1933

Ole f. 1891, i Oslo

Jon 1895-1908 drukna

Knut f. 1898, i Oslo

Mathias f. 1901, i Oslo

Johan f. 1904

Hans, Hesthagen

Gnr. 88 bnr. 2 vart frådelt frå sygard Sandnes i 1904 og skjøta frå Thor Blakar til Ellef O. Nyhus for kr 900,- i 1905. Men han har nok flytta til før, for i 1900 er han nemnd som husmann der og ved barnefødsel frå 1899. Eiliv O. Nyhus 1867-1944 var son til Ole Olsen Nyhus f. 1824 og Ragnhild Olsdr. f. 1830. Han var gift med Ragnhild Knutsdtr. Løkken (Ruskeløkken) 1869-1948, dotter til Knut Jakobsen Ruskeløkken 1825-1891 og Mari Olsdr. Damstuen 1825-1898. Eiliv og Ragnhild hadde 4 barn:

Ragnhild f. 1894

Knut 1898-1985, neste brukar

Mathias 1904-1982, gift 1932 med Kari Nebbneset 1908-1962, i Mork

Ola 1902-1982

I 1927 var det skjøte frå Eilif O Nyhus til sonen Mathias E. Hagen for kr 3000,- herav for lausøyre kr 2000,-, samt føderåd verdsett 5 år til kr 2000,- (kjøpesummen utbetalt syskjen Ragnhild, Knut og Ola med kr 1000,- kvar).

Knut E Hagen 1898-1985 overtok 1941. Han vart 1926 gift med Barbro H. Ulsanden 1902-1985. Dei hadde 6 barn:

Ragna f. 1927, gift med Karl Sveum

Even f. 1932, neste brukar

Kristine f. 1933

Oskar f. 1937, gift 1962 med Gerd Sønsteby, Brøttum f. 1941

Halvdan f. 1942

Ivar f. 1945

Even overtok i 1958, han vart 1958 gift med Kari Blankenborg f. 1939, dotter til Iver Blankenborg f. 1911 og Karen Siem f. 1913. Dei har 2 barn:

Kjell Ivar f. 1958, sambuar med Eldbjørg Akselen f. 1960

Kåre f. 1962, gift med Lene Vassdokken

Kjell Ivar Hagen overtok i 2003.

I 1875 var det i søre Sandneshagen 1 føl, 2 kyr, 2 sauer, 1 geit og 2 grisar, det vart sådd 1 ½ tønne bygg, litt rug og 1 ½ tønne poteter. I 1865 var det korkje hest eller gris.

Kjelder:

Jon Kolden: Bygdabok for Lom 2, s. 65

Pål Øystein Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 90, 171, 176

Norske Gardsbruk 1953 – 1997

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Panteregister, grunnbok

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Utskrifter skifteprotokollar

Liste husmannspenger til kyrkja

Skoskatten 1711